

## Klårast er kjelda

Av ASTRID KROG HALSE

*Kan livet ditt liknast med låvåndes strauma'  
der dågån er stryka og evja er drauma'?*

*Ell' er det som djupe og bortgjømte tjønne'  
som berre ha spigla ei einaste stjønne,*

*der mykje er nedsøkkd og ingenting flotnar,  
det alder kjem oppatt som der gjekk te botnar.*

*Er livet ditt ljøst som ein bekk i frå fjella  
som stunde' åt elven og når ho åt kvelda,*

*ell' er det som elva som sjølv tok seg far  
og visst om kor lausaste sandgrunnan' var?*

*Er livet som båra som bryt i mot strand,  
men dreg seg attendatt så snart ho finn land*

*og kan ikkje velje og finn ingor kvile?  
Slik dregst du mot trua, men lell lyt du tvile.*

*Mangsles er livet, men sannast ska orda:  
Klårast er kjelda som vell utor jorda.*

*Foto: Kai Krog Halse.*

